



Ei reisebok som sveipar innom Istanbul og mange andre europeiske stadar, javel. Men Rønnaug Kleiva sin siste roman er og ein plass for tankar om eige liv, fortid og framtid. FOTO: MURAD SEZER

Bok roman



Rønnaug Kleiva
*Armenia,
Albania,
Argentina*

Samtøyst

Eksplorative reisemotiv i ein stille telst.

Kvifor ein reiser er ofte meir interessant enn kor ein skal. Rønnaug Kleiva brukar store delar av boka til å vise oss motivet sitt, og det er eit temmeleg interessant reknestykke ho gjev svar på når boka- og reisa- nærmar seg slutten.

Kleiva har eit alvorleg ærend. Kanskje pirkar ho borti eit tabu eller to. Er det angst for sjukdom, alderdom og død som driv henne?

Ho fortel om alle ho har mista undervegs, og vågar seie at det ikkje er alle ho saknar. Eller er det heile ei flukt, slik ein samtale med ei kvinne i Argentina legg opp til?

Kvinna spør: «Gløymer du vanskane dine når du reiser?»
«Ein får nye vanskar å hanskast med. Alt det praktiske som må ordnast, til dømes»
«Og når du kjem heim, er vanskane borte då?»
«Nei, sa eg, «men då har eg fått ei pause frå heimevanskane ei stund.»

Samtalen kjem mot slutten. Undervegs slentrar vi med hovudpersonen gjennom gater, smug, grenseovergangar, smått farlege situasjonar og kafèdyll. Vi skal til langt fleire land enn dei tre i tittelen, men tid og stad er ikkje så viktig. Reisaren Rønnaug er ein utanforperson i situasjonane ho blir utsett for i boka og føler ei slags lukke når ho har klart å bli ein del av samfunna, familiane og gruppene ho oppsøker.

Ho er ikkje så direkte undervegs som eg-personen i andre gode reisebøker, som til dømes Carsten Jensen sine på 1990-talet, var. Der Jensen fortalde oss korleis forteljaren endrar seg gjennom reisa og boka, har

Kleiva brukt samtalar for å visa oss, samtalar med tilfeldige folk, minne om eigen familie, elskarar, barn, venninner og ikkje minst konfrontasjonane ho tvinger seg sjølv til å ta.

Rønnaug Kleiva er ingen høgrosta forfatar. Ein gjennomgang av hennar 25 utgjevingar, viser at det berre er *Ingen reell fare* som er kalla roman. Pluss årets bok *Armenia, Albania, Argentina*, som ved første møte ikkje liknar ein roman.

Men Kleiva har ei plan Ho har stramma til, utan å bli knapp og slepp laus når ho vil - eller når andre tvingar henne til det. Romanen blir forma undervegs.

Gjennom eit presist språk framstår boka som så ærleg som eit stykke reiseleksjon kan. Så kvifor reiser ho? Fordi døden sit i setet ved sidan av? Fordi ho blir fri frå sitt heimlege eg og kan sleppe prosaen laus? Dette er ei interessant bok som kan få ein til å reflektera over eigne val og naudsynte turar med pass i baklomma.

Vidar Kvalshaug